

Velkommen til nytt skuleår på Høydalsmo skule



Ein flott varm sommar er på hell. Håpar alle har fått nyte det flotte sommarværet me har hatt, og kosa dykk i ferien. Her på huset er lærarane allereie godt i gang med planlegging og klargjering, og me gler oss til å få elevane på plass og ta fatt på eit nytt skuleår

I år ynskjer me velkommen heile 10 nye elevar på skulen vår, fordela på fleire klasser. Forutan fem nye fyrsteklassingar ynskjer me velkommen to nye i 3. klasse, ein ny i 9. klasse og to nye i 10. klasse. Me håpar de vil få fine og lærerike år hjå oss.

Me vil og ynskje velkommen Oleksandr Bala som skal jobbe som assistent på skulen og SFO. Elles er det ingen nye andlet i staben i haust.

Skuledagen vår startar 08.45 og held fram til 14.25. Det er framleis høve til å tinge skulemjølk. Info om dette finn de på kommunen si heimeside. Ungdomskulen vil frå skulestart få tilbod om skulemat. Nokre gonger gjennom skuleåret blir det kantine for heile skulen. Desse dagane er det ikkje skulemat for ungdomsskulen. Leksehjelp blir på måndagar frå kl.14.30-15.30. Påmelding til dette kjem i løpet av kort tid. I år kan me tilby leksehjelp frå 3.-10.klasse. Leksehjelpa startar opp veke 36.

Det er terminsskifte i januar. Me held fram med utviklingssamtaler tidleg i dei to terminane, dei fyrste kjem i veke 39 og 40. Som tidlegare år skal me ha storforeldremøte med klasseforeldremøte i forkant eller i etterkant. Dato for foreldremøta er 16. og 17. september.

Minner om at me har digitalisert *HØY-aktuelt* – informasjonsheftet til dykk foreldre. De finn no *HØY-aktuelt* på kommunen si heimeside under Høydalsmo skule. Dokument som *Forskrift om skulereglar for Høydalsmo skule* og aktuelt frå opplæringslova finn de under fana *Reglement og forskrifter*. Dokument til underskriving kjem i Visma.

Me ser fram til eit lærerikt og spanande skuleår for elevane våre, der heim og skule saman arbeider for å få fram det beste i kvar enkelt elev.

God skulestart, alle saman!

Beste helsing skulen v/Dordi Didriksen

